



Hordaland Ungdoms Brass Band i Rosendal Samfunnshus

Samfunnshuset i Rosendal var fylt med vellyd då Hordaland Ungdoms Brass Band (HUBB) hadde konsert søndag ettermiddag. Publikumsframmøte var bra. Vi talde til over 90 frammøtte, men dei unge og flinke musikarane hadde fortent fullsett sal!



Eldsjelene bak korpset, Kjersti Pisani og Ole Johan Aarlie

HUBB er samansett av i overkant av 40 musikarar frå 26 skulekorps frå heile Hordaland. Dei har fire helgesamlingar i året, og denne helga møttest dei i Rosendal. Samfunnshuset var base for samlinga, og under leiing av den faste dirigenten, Frode Rydland, fekk jobba svært godt musikalsk. Resultatet av dette fekk vi høyre på avslutningskonserten søndag ettermiddag.

Dei starta konserten med stykket "Shine as the Light". Dirigenten fortalde at dette var eit krevjande stykke dei hadde kasta seg uti. Det bygde på tre Frelsesarmè-songar, og dei hadde først fått notane ut på fredag. Etter dette fulgte ein sats frå "A moorside suite" av Gustav Holst før dei spela alle 7 satsane i "Suite frå Sogn og Fjordane" som byggjer på folketonar frå dette fylket, og som er arrangert av korpset sin dirigent Frode Rydland. Her fekk høyre ein flott trombonesolo i tillegg til at vi fekk diktlesing av Ole Johan Aarlie i "Guds fred over huset". Applausen ville ingen ende ta då siste nummer var spela, og "Ro ro til Siraland" vart framført som ekstranummer. Ein fantastisk konsert av unge musikarar. Her fekk vi høyre brassband på sitt beste, svakt og vart, sterkt og klangfullt, alt med presisjon og reine tonar.

- Dette var så fint at det kunne godt ha vart i ein time til, kommenterte korpsveteranen Bård Ljosnes då publikum var på veg ut av salen.

Det var fire kvinnheringar med i korpset på denne samlinga. Det var Vegard Skåle, Vegard Døssland, Bjørn Naterstad og Marius L. Torjusen.

Rosendal skulekorps fekk lovord for den gode jobben dei hadde gjort som teknisk arrangør.

- Dei har gjort det litt vanskeleg for dei som skal stå for neste samling. Med all den gode maten blant anna, sa Ole Johan Aarlie då han overrekte tilskiparkorpset blomar under konserten. Aarlie og sambuaren hans Kjersti Pisani gjer ein fantastisk dugnadsjobb for dette kretskorpset. Ikkje rart dei vert omtala som "far" og "mor" av korpsmedlemmene. Medan Hordaland Musikklag betaler 80.000 kr for drifta av det andre kretskorpset, HUK, gjer desse to eldsjelene heile denne jobben på dugnad. Til å ta av seg hatten for!!!

Neste samling i HUBB vert på Manger i februar.

Av: Thor Inge Døssland